

UNIVERSITETET I BERGEN, Programutvalg for farmasi

Innkalling til møte i Programutvalg for farmasi møte IV, 2023

Tid: onsdag 29. november 2023, kl. 13:15 – 15:00

Sted: rom 437, AHH

I	Godkjenning av innkalling og saksliste	
II	Godkjenning av referat 20. september 2023 (Godkjent på e-post)	
9/23	Høringssak på sirkulasjon: Nytt utfyllende studiereglement ved Det medisinske fakultet.	2 Vedlegg
10/23	Vedtaks sak: Justeringer i emnebeskrivelser i forbindelse med ny studieforskrift.	1 vedlegg
11/23	Vedtaks sak: Oppdatert beskrivelse av Studieplan i forbindelse med ny studieforskrift.	2 vedlegg
12/23	Vedtaks sak: Endring i læringsutbytte for emnet FARM205 Det digitale kurset som UiT har opprettet om samers rettigheter ønskes flyttes fra emnet FARM103 til emnet FARM205. Læringsutbyttet må da også flyttes. Forsalg til vedtak: Flyttet følgende LUB fra FARM103 til FARM205: «Har kunnskap om samane sin status som urfolk og om deira rettar, særleg innanfor helse- og sosialfeltet"»	
13/12	Diskusjonssak: Oppnevning av ny ekstern fagfelle Vi har sendt en forespørsel til Tommy Nørskov Johansen ved Københavns universitet. Han er programansvarlig for farmasiutdanningen ved KU. Saken skal være avklart og vedtas i fakultetsstyret 24. januar.	
14/12	Diskusjonssak: Sensorveiledning – hvordan lager vi og distribuerer vi disse? Alminnelige retningslinjer for sensorveiledning ved Universitetet i Bergen	
Orienteringssaker		
Saker fra studentene:		

Emneevalueringer gjennomført våren 2023: FARM211 , FARM236 , FARM130 (egenvurdering), FARM250 (egenvurdring)
Emneevalueringer og årlige egenvurderinger for høsten 2023. Emneevalueringer skal gjøre minimum hver 3. gang de undervises. Årlig egenvurdering dersom dere ikke gjennomfører vanlig emneevaluering. Lenke til skjema for årlig egenvurdering: Årlig egenvurdering av emner tilknyttet Integrert masterprogram i farmasi (uib.no)
Studiebarometeret: svarlenke sendt ut til alle studenter på 2. og 5. studieår. Resultater blir en diskusjonssak i PUF våren 2024
Presentasjon av masteroppgaver blir fredag 23. februar 2024, Midgard, Alrek. Forespørsel om masterprosjekter sendes ut i uke 48.
Eventuelt

Neste møte: sette møtedatoer for våren 2024. Forslag til møtedatoer:

Onsdag 28. februar

Onsdag 29. mai

Nytt utfyllende studiereglement ved Det medisinske fakultet

Bakgrunn for saken:

Det medisinske fakultet har utarbeidet nytt utfyllende reglement som utfyller Forskrift om studium ved Universitetet i Bergen. Høringssak ble sendt ut til alle PUF-medlemmer på epost datert 30. oktober 2023, med frist 9. november. Farmasi sendte inn et innspill om studieprogresjon som ble beskrevet i saken. Ingen andre innspill ble meldt inn.

Fakultetet har gjort noen få justeringer i utfyllende reglement, basert på innspill som er kommet inn fra andre programutvalg og institutt, men ingen av disse påvirker farmasi, se vedlegg.

Tilleggsinformasjon om ny forskrift:

Det vil ikke lenger være mulig å avslå innpassingssøknader på bakgrunn av at emner er tatt for mer enn 5 år siden. Evt. avslag må begrunnes faglig.

Vedlegg til saken

Utfyllende studiereglement ved Det medisinske fakultet

Utfyllande studiereglement ved Det medisinske fakultet

Dette reglementet utfyller [Forskrift om studium ved Universitetet i Bergen](#) og [Forskrift om opptak til Universitetet i Bergen](#). Ein må sjå dei utfyllande reglane i samanheng med desse forskriftene. Reglementet er vedteke i fakultetsstyret 6. desember 2023 og gjeld frå 1. januar 2024.

Forskrift om studium ved Universitetet i Bergen

Kapittel 2. Organisering av studia

§ 2-2 Studieprogram

Til (2j):

Obligatorisk rekkjefølgje på emna er nemnt i studieplanen for følgjande studieprogram (sjå studieprogrammet ditt for detaljar):

- a. *Masterprogram i klinisk ernæring*
- b. *Bachelorprogram i ernæring*
- c. *Bachelorprogram i tannpleie*
- d. *Integrert masterprogram i odontologi*
- e. *Medisinstudiet*
- f. *Integrert masterprogram i farmasi*

a-e: Eit krav om rekkjefølgje inneber at når ein student på eit av desse programma manglar bestått resultat i eit emne etter at det er halde ordinær eksamen og tilhøyrande kontinuasjonseksamen, vert studenten flytta ned til kullet under for å kunna halda oppe rekkjefølgja på emna.

f: For farmasistudiet gjeld eigne reglar, sjå studieplanen for detaljar.

Dersom ein student på eit av desse studieprogramma (a-f) manglar godkjend undervisningsaktivitet og dermed ikkje får gå opp til eksamen, vert studenten flytta ned til lågare kull for å kunna halda oppe rekkjefølgja på emna. Sjå òg § 6-6 (2).

Kapittel 4. Studierett

§ 4-5 Tap av studierett

Til (1c):

Studentar som får opptak til eit anna studieprogram ved Universitetet i Bergen, og ønskjer å halde på den opphavlege studieretten sin ved Det medisinske fakultetet, må søkja om dette før fristen for semesterregistrering. Søknaden må vera grunngeven. Slik dobbel studierett vil normalt ikkje bli godkjend.

Unntak er ved opptak til Forskarlinja, der det er ein føresetnad å ha studierett på anten Medisinstudiet eller Integrert masterprogram i odontologi samstundes med Forskarlinja.

Til (3):

Studentar på følgjande studieprogram som er meir enn to år forseinka samanlikna med normal progresjon, kan få studieretten inndrege:

- *Masterprogram i klinisk ernæring*
- *Bachelorprogram i ernæring*
- *Bachelorprogram i tannpleie*

Dette betyr at studenten ikkje kan bli flytta til lågare kull meir enn to gonger i løpet av studiet. Godkjend permisjon eller pause frå studiet vert ikkje rekna som forseinking.

Studentar på følgjande studieprogram som er meir enn tre år forseinka samanlikna med normal progresjon, kan få studieretten inndrege:

- *Integrert masterprogram i odontologi*
- *Integrert masterprogram i farmasi*
- *Medisinstudiet*

Dette betyr at studenten ikkje kan bli flytta til lågare kull meir enn tre gonger i løpet av studiet. Studenten kan likevel maksimalt gjenta same studieår to gonger. Godkjend permisjon eller pause frå studiet vert ikkje rekna som forseinking.

Kapittel 5. Tilpassing av studia og fråvær

§ 5-1 Søkna

Til (2):

Studentar på studieprogram med obligatorisk oppmøte fyrste studiedag må søkja fakultetet om utsett studiestart dersom det finst tvingande årsaker til at dei ikkje kan møta denne dagen.

§ 5-2 Permisjon

Til (3):

Studentar på følgjande studieprogram har rett på plass på neste kull etter permisjon:

- *Masterprogram i ernæring*
- *Bachelorprogram i ernæring*
- *Bachelorprogram i tannpleie*
- *Integrert masterprogram i odontologi*
- *Integrert masterprogram i farmasi*
- *Medisinstudiet*

§ 5-3 Pause frå studia

Til (3a-b):

Studentar på følgjande studieprogram har rett til pause frå studia utan grunngjeving:

- Bachelorprogram i ernæring
- Bachelorprogram i tannpleie
- Integrert masterprogram i odontologi
- Integrert masterprogram i farmasi
- Medisinstudiet

Slik pause blir fyrst godkjend etter fullført og bestått fyrste studieår for desse studieprogramma. Frist for å søkja pause er 1. februar/1. september det aktuelle semesteret ein ønskjer pause.

På integrert masterprogram i odontologi vil det ikkje verte gitt løyve til pause frå studiet frå det tidspunkt studenten har byrja på fjerde studieår.

§ 5-6 rettar ved gyldig fråvær

Til (4):

Det vil alltid verte arrangert kontinuasjonseksamen dersom nokre studentar står utan bestått resultat etter ordinær eksamen i eit obligatorisk emne på følgjande studieprogram:

- Masterprogram i klinisk ernæring
- Bachelorprogram i ernæring
- Bachelorprogram i tannpleie
- Integrert masterprogram i odontologi
- Integrert masterprogram i farmasi
- Medisinstudiet

Studentar som har bestått resultat i eit emne har ikkje rett til å melda seg til kontinuasjonseksamen. Oppattaking av beståtte eksamenar kan berre skje ved ordinær eksamen. Det kan gjerast unntak for enkelte skriftlege eksamenar etter grunngjeven søknad. Det er då ein føresetnad at det også vert gjeve tilbod om kontinuasjonseksamen til studentar utan bestått resultat.

§ 5-7 Prinsipp for godkjenning

Til (1):

Opprykk til høgare kull etter godkjenning av tidlegare utdanning i enkeltemne eller heile studieår er avhengig av ledig plass på det aktuelle kullet.

Kapittel 6. undervisninga

§ 6-5 Tilgang til undervisning

Til (5a-c):

Normalt vert det ikkje gitt tilgang til undervisning for studentar som:

- tidlegare har følgd undervisninga og er innanfor perioden skildra i § 6-6 (3),*
- har bestått resultat i emnet eller*

c. allereie har fått rettleiing i emne som gjeld bachelor- eller masterprosjekt.

§ 6-6 Obligatorisk undervisningsaktivitet

Til (2):

Dersom ein student på følgjande studieprogram manglar godkjend undervisningsaktivitet og dermed ikkje får gå opp til eksamen (sjå § 5-6 (1)), vert vedkomande flytta ned til lågare kull for å kunne halda oppe rekkjefølgja på emna i studieplanen, ref. § 2 (2j):

- *Masterprogram i klinisk ernæring*
- *Bachelorprogram i ernæring*
- *Bachelorprogram i tannpleie*
- *Integrert masterprogram i odontologi*
- *Integrert masterprogram i farmasi*
- *Medisinstudiet*

Kapittel 7. Eksamen

§ 7-3 Rett til eksamen

Til (2):

Studentar på følgjande studieprogram kan ikkje endra rekkjefølgje på emna i utdanningsplanen:

- *Masterprogram i klinisk ernæring*
- *Bachelorprogram i ernæring*
- *Bachelorprogram i tannpleie*
- *Integrert masterprogram i odontologi*
- *Integrert masterprogram i farmasi*
- *Medisinstudiet*

Studentane er sjølve ansvarlege for å gjennomføra semesterregistreringa og sjekka at dei er melde til riktige emne, inkludert eventuelle kontinuasjonseksamenar.

Kapittel 8. Eksamensforsøk

§ 8-1 Talet på forsøk

Til (3a):

I emnar der praksisutplassering er vurderingsform kan emna berre takast oppatt éin gong. Dette inneber at studieretten vert inndregen dersom studenten ikkje har bestått praksis etter to forsøk.

Til (4b):

Det er mogleg å søkja fakultetet om eit fjerde eksamensforsøk i emne som er obligatoriske i utdanningsplanen til studenten. Søknaden må vera grunngjeven og dokumentert. Det vert ikkje gitt fjerde vurderingsforsøk i emne studenten allereie har bestått.

8-2 Teljande forsøk

Til (3):

Studentar på følgjande studieprogram har ikkje høve til å trekkja seg frå eksamen i emne som er obligatoriske i studieprogrammet:

- *Masterprogram i klinisk ernæring*
- *Bachelorprogram i ernæring*
- *Bachelorprogram i tannpleie*
- *Integrert masterprogram i farmasi*
- *Integrert masterprogram i odontologi*
- *Medisinstudiet*

Kapittel 9. Sensur og vurderingsuttrykk

§ 9-7 Klage på karakter og formelle feil

Til (3):

Dersom det er meir enn tre veker mellom ulike vurderingsdelar i eit emne kan studenten anten klaga etter kvar vurderingsdel eller etter samla karakter er sett (gjeld ikkje mappevurdering).

Forskrift om opptak til Universitetet i Bergen

Kapittel 2. Minstekrav for opptak

§ 2-1 Generelle føresegner

Til (8):

Studentar som på grunn av manglande progresjon har mista retten til å studera på eit av følgjande studieprogram kan ikkje få opptak til studieprogrammet på nytt:

- *Masterprogram i klinisk ernæring*
- *Bachelorprogram i ernæring*
- *Bachelorprogram i tannpleie*
- *Integrert masterprogram i farmasi*
- *Integrert masterprogram i odontologi*
- *Medisinstudiet*

Endring i emnebeskrivelser som følge av ny studieforskrift ved UiB

Bakgrunn for saken:

1. januar 2023 trer ny studieforskrift i kraft. I den forbindelse er det behov for noen justeringer i emnebeskrivelser for enkeltemner i Integrert masterprogram i farmasi.

Forslag til vedtak:

FARM295:

Emnet undervises på Engelsk og norsk.

PUF foreslår å legge til følgende formulering om språk under Vurdering i emnebeskrivelsen:

Nynorsk: Eksamensoppgåver blir gitt på norsk (nynorsk og bokmål) og eksamenssvar skal skrivast på norsk (nynorsk eller bokmål).

Engelsk: Exam papers are given in Norwegian (Nynorsk and Bokmål) and all questions must be answered in Norwegian (Nynorsk or Bokmål).

FARM321:

PUF foreslår å endre undervisningsspråk fra «Engelsk og norsk» til «norsk».

FARM205:

PUF foreslår å ta vekk følgende setning under Obliqatorisk undervisningsaktivitet da det ikke lenger er hjemmel for dette i ny forskrift, § 8-1 (3) :

«Ein student kan ikkje tildeles praksis meir enn to gonger».

Som nevnt i høringsbrevet vil fakultetet be om en omformulering av denne paragrafen, slik at vi også kan begrense antall praksisforsøk i emner som har annen vurderingsform enn kun bestått praksis.

Studieplan for Integrert masterprogram i farmasi, MATF-FARM

Farmasi, master 5 år, haust 2023

Namn på grad

Master i farmasi

Omfang og studiepoeng

Det integrerte masterprogrammet i farmasi har eit omfang på 300 studiepoeng og er normert til 5 år

Fulltid/deltid

Fulltid

Undervisningsspråk

Norsk er hovudspråk. Deler av undervisning og pensum vil bli gitt på engelsk. Norsk og engelsk

Studiestart - semester

Haust

Mål og innhald

Profesjonsstudiet i farmasi kvalifiserer for autorisasjon som provisorfarmasøyt. Gjennom studiet tileignar studentane seg ein brei og spesialisert legemiddelfagleg kompetanse. Studiet skal sikre samfunnet kandidatar som har de kunnskapar, haldningar og ferdigheiter som trengs for å forsvarleg utøva farmasiyrket.

Farmasistudiet gir studentane ein brei fagleg basis innan kjemiske og biologiske fag, samt spesialisering innan farmasøytiske fag, som farmakognosi, farmakologi, galenisk farmasi, klinisk farmasi, samfunnsfarmasi, legemiddelkjemi og rettleia praksis i apotek.

Masteroppgåva siste året er ei fordjuping og spesialisering innan farmasi, og studentane kan i stor grad sjølv velje fagområde for oppgåva.

Læringsutbyte

Læringsutbyttet er utforma i samsvar med forskrift om nasjonal retningslinje for farmasi. Kandidaten skal ved gjennomført studium ha oppnådd følgjande kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.» Etter gjennomført studium har studenten nedenstående kunnskapar, ferdigheiter og generelle kompetanse:

Kunnskapar

Kandidaten

- Har avansert kunnskap om legemiddel og bruken av dei, farmakokinetikk og farmakodynamikk, deriblant preparatval, dosering, viktige biverknadar, interaksjonar og terapistyring ved dei vanlegaste sjukdomane samt klinisk farmasi og andre farmasøytiske tenester.
- Har inngående kunnskap om biokjemiske og fysiologiske verknadsmekanismar

- Har avansert kunnskap om utvikling og produksjon av legemiddel, deriblant isolering, syntese og analyse av verkestoff, formulering, framstilling og kvalitetskontroll, oppbevaring og distribusjon av legemiddel og kvalitetssikring av alle ledd i prosessen.
- Har kunnskap om veterinære legemiddel og bruken av dei deira bruk og påverknaden på dyrehelse og mattryggleik.
- Har kunnskap om bruk av relevant medisinsk utstyr, ernæring og kosttilskot.
- Har kunnskap om helsevesenet, samspelet mellom helsevesenet og samfunnet, teknologiske løysingar og arbeidsprosessar som inkluderer samarbeid og tverrprofesjonell samhandling og korleis språk og kultur påverkar dette.
- Har kunnskap om kvalitative og kvantitative forskingsmetodar og kliniske utprøvingar og inngåande kunnskap om sentrale, forskningsetiske regelverk og prinsipp.

Ferdigheiter

Kandidaten

- Kan sjølvstendig isolere, syntetisere og analysere kjemiske stoff, framstille legemiddel og utføre kvalitetskontroll av desse.
- Kan på ein sjølvstendig måte ta hand om farmasøytiske yrkesfunksjonar i apotek og i andre delar av helsetenesta og innan farmasøytisk industri
- Kan utføre yrkesfunksjonen sin i samsvar med lovar, forskrifter og yrkesetiske retningslinjer.
- Kan samarbeide med anna helsepersonell om optimal legemiddelbehandling til den enkelte pasient og kan bruke klinisk kommunikasjonkunnskap på tvers av verksemd og nivå.
- Kan gjere greie for legemiddelmarknaden sin spesielle karakteristikk og drøfte legemiddelbruk i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv.
- Kan bruke sentrale matematiske, statistiske og epidemiologiske metodar til å undersøke praktiske og teoretiske, farmasifaglege problemstillingar.
- Kan gjennomføre eit sjølvstendig, avgrensa forskingsprosjekt under rettleiing og i tråd med gjeldande forskningsetiske normer.

Generell kompetanse

Kandidaten

- Har digital kompetanse og kan tileigne seg og bruke ny kunnskap og vurdere faglitteratur og legemiddelinformasjon kritisk.
- Kan formidle forskingsbasert kunnskap og diskutere profesjonelle og vitskapelege problemstillingar med helsepersonell og fagpersonar frå tilgrensande fagfelt i tillegg til legemiddelbrukarar.
- Har kunnskap om leiing og ulike farmasøytiske leiarroller deriblant rettleiing og kommunikasjon.
- Har innsikt i og forståing for korleis legemiddelovervaking, kvalitetssystem og kvalitets- og betringssarbeid bidrar til trygg legemiddelbruk og auka pasienttryggleik.

- Har innsikt i og kan identifisere, reflektere over og handtera etiske problemstillingar i farmasøytisk yrkesutøving og forskning, og viser respekt for brukarar av farmasøytiske tenester og gir rettleiing som tar vare på brukaren sin integritet og brukaren sine rettigheter.
- Kjenner til nytenking og innovasjonsprosessar og kan bidra i tenesteinnovasjon, entreprenørskap og systematiske og kvalitetsforbetrande arbeidsprosessar innan fagfeltet.

Opptakskrav

Generell studiekompetanse og MEROD: Matematikk R1 (eller S1 og S2) og Fysikk 1 og Kjemi 1 og 2.

Tilrådde forkunnskapar

Gode kunnskapar i norsk munnleg og skriftleg er naudsynt for å kunne gjennomføre delar av farmasistudiet.

Innføringsemne

Examen Philosophicum ~~Ex.Phil~~, 10 studiepoeng

Obligatoriske emne

Alle emna spesifisert i graden (285 studiepoeng) er obligatoriske, og må gjennomførast i fastsett rekkefølge. Det er ikkje mogleg å endre på utdanningsplanen eller rekkefølga på eksamenane utan førehandsgodkjenning. Dei fleste emna i studiet har obligatorisk undervisning.

Lenkje til oversikt over emnar per semester: Integrrert masterprogram i farmasi

https://ekstern.filer.uib.no/mofa/studie/referat/Programutvalg%20farmasi/Annet%20farmasi/Oppbygging%20av%20farmasi_til%20studieplansiden.pdf

Spesialisering

15 studiepoeng på 5. studieåret er studiespesialiserande emne som studenten vel i tilknytning til masteroppgåva. Emna blir valt saman med rettleiar for masteroppgåva og kan veljast frå alle fakultet ved UiB. Ein kan ha maks 10 studiepoeng med spesialpensum der rettleiar vel ut eit pensum som studenten må lese og kor studenten har ein eksamen (for eksempel munnleg) eller eit innleveringsarbeid på slutten av semesteret. Det er normalt ikkje mogleg å bruke eit emne ein student har tatt før hen starta på Integrrert masterprogram i farmasi som spesialisering. Programutvalsleiar på farmasi godkjenner studiespesialiserande emne.

Rekkefølge for emne i studiet

Emna må gjennomførast i fastsett rekkefølge. Det er ikkje mogleg å endre på utdanningsplanen eller rekkefølga på eksamenane utan førehandsgodkjenning. Se fakultetets utfyllande regler til § 2-2 (2), § 7-3 (2) og § 8-2 (3) i UiBs studieforskrift.

Studentar som etter utdanningsplanen manglar 30 studiepoeng eller meir ved utgangen av et semester vil bli flyttet til kullet under.

Delstudium i utlandet

Det er moglegheiter for å dra på utveksling på farmasistudiet, i det semesteret du startar å skrive masteroppgåvemasteroppgåve, 9. semester. Det kan og vere mogleg å søke emneutveksling både gjennom avtaler på studieprogrammet og gjennom sentrale avtalar ved UiB. Ta kontakt med studierettleiar for å høyre meir om kva ordningar som finst.

Les meir om utveksling her:

[Informasjon om utveksling](#)

Arbeids- og undervisningsformer

Studiet nyttar ein rekke undervisningsmetodar:

Forelesningar

TeamBased Learning

Undervisning med pasient

Rollespel

Gruppearbeid

Ekskursjonar

Praksis i ~~ap~~apotek

Seminar

Kollokvier

Innleveringsoppgåver

Kasusrapporter

Laboratoriekurs

Laboratoriejournalar

Spørjetime

TVEPS: Tverrprofesjonell samarbeidslæring

Vurderingsformer

For å sikre at studentane har nødvendige kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse gjennomførast det ulike vurderingsformar gjennom hele studieløpet:

Innleveringsoppgåver

Mappeinnlevering

Skriftleg skuleeksamen

Laboratoriejournalar

Midtsemesterevaluering/underveistest

Gruppeoppgåver

OSKE (Objektiv, strukturert, klinisk eksamen)

Munnleg eksamen

Quiz

Digital skuleeksamen

Digital heimeeksamen

Karakterskala

Emna som inngår i det tilrådte studieløpet vert karakterset med bokstavkaraktarar (A-F) eller bestått/ikkje bestått.

Vitnemål og vitnemålstillegg

Vitnemål blir skrivne ut etter at graden er fullført. [Vitnemål gir rett til å søke Helsedirektoratet om autorisasjon som provisorfarmasøyt.](#)

Grunnlag for vidare studium

Studentar kan etter fullført mastergrad i farmasi søke seg vidare til doktorgradsstudie.

Relevans for arbeidsliv

Profesjonsstudiet i farmasi gir grunnlag for autorisasjon som provisorfarmasøyt. Som provisorfarmasøyt vil du få ekspedisjonsrett for legemiddel på resept. I tillegg til å arbeide i apotek kan farmasøytar arbeide i sjukehus, i heimesjukepleie og sjukeheimar, i legemiddelindustri, innanfor vidaregåande og høgare utdanning, for myndigheiter og private firma (for eksempel i oppdrettsnæringa).

Yrkesrolla omfattar rådgjeving, undervisning, forskning og leiing av apotek og anna legemiddelrelatert verksemd, samt oppgåver som legemiddeløkonomiske utgreiingar, tilverking av legemiddel til den enkelte pasienten og vurdering av korleis ulike legemiddel kan brukast saman.

Evaluering

[Integrert masterprogram for farmasi blir kontinuerleg evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på Studiekvalitetsbasen - \(uib.no\)kvalitetsbasen.uib.no](#)
[Skriftleg vurdering](#)

Skikkavurdering og autorisasjon

Som utdanningsinstitusjon [vurderer vi om kandidaten skal vi vurdere om du](#) er skikka til å utøve yrket som helse- eller sosialpersonell. Vurderinga omfattar både faglege, pedagogiske og personlege føresetnader, og vil gå føre seg under heile utdanninga - jf. Forskrift om skikkavurdering i høgare utdanning.

[Etter fullført studium har kandidaten rett til å søke om autorisasjon som Når du er ferdig med studiet, blir du autorisert som](#) provisorfarmasøyt. Helsedirektoratet (Hdir) har meir informasjon om autorisasjonsordninga.

Programansvarleg

Programutval for farmasi har ansvar for fagleg innhald, oppbygging av studie og for kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Det medisinske fakultet

Kontaktinformasjon

[Informasjonssenteret ved Det medisinske fakultet, sjå kontaktinformasjon](#)

Studieplan for Integrert masterprogram i farmasi, MATF-FARM Farmasi, master 5 år, haust 2023

Namn på grad

Master i farmasi

Omfang og studiepoeng

Det integrerte masterprogrammet i farmasi har eit omfang på 300 studiepoeng og er normert til 5 år

Fulltid/deltid

Fulltid

Undervisningsspråk

Norsk er hovudspråk. Deler av undervisning og pensum vil bli gitt på engelsk.

Studiestart - semester

Haust

Mål og innhald

Profesjonsstudiet i farmasi kvalifiserer for autorisasjon som provisorfarmasøyt. Gjennom studiet tileignar studentane seg ein brei og spesialisert legemiddelfagleg kompetanse. Studiet skal sikre samfunnet kandidatar som har de kunnskapar, haldningar og ferdigheiter som trengs for å forsvare utøva farmasiyrket.

Farmasistudiet gir studentane ein brei fagleg basis innan kjemiske og biologiske fag, samt spesialisering innan farmasøytiske fag, som farmakognosi, farmakologi, galenisk farmasi, klinisk farmasi, samfunnsfarmasi, legemiddelkjemi og rettleia praksis i apotek.

Masteroppgåva siste året er ei fordjuping og spesialisering innan farmasi, og studentane kan i stor grad sjølv velje fagområde for oppgåva.

Læringsutbyte

Læringsutbyttet er utforma i samsvar med forskrift om nasjonal retningslinje for farmasi. Kandidaten skal ved gjennomført studium ha oppnådd følgjande kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.»

Kunnskapar

Kandidaten

- Har avansert kunnskap om legemiddel og bruken av dei, farmakokinetikk og farmakodynamikk, deriblant preparatval, dosering, viktige biverknadar, interaksjonar og terapistyring ved dei vanlegaste sjukdomane samt klinisk farmasi og andre farmasøytiske tenester.
- Har inngåande kunnskap om biokjemiske og fysiologiske verknadsmekanismar
- Har avansert kunnskap om utvikling og produksjon av legemiddel, deriblant isolering, syntese og analyse av verkestoff, formulering, framstilling og kvalitetskontroll, oppbevaring og distribusjon av legemiddel og kvalitetsssikring av alle ledd i prosessen.

- Har kunnskap om veterinære legemiddel og bruken av dei deira bruk og påverknaden på dyrehelse og mattryggleik.
- Har kunnskap om bruk av relevant medisinsk utstyr, ernæring og kosttilskot.
- Har kunnskap om helsevesenet, samspelet mellom helsevesenet og samfunnet, teknologiske løysingar og arbeidsprosessar som inkluderer samarbeid og tverrprofesjonell samhandling og korleis språk og kultur påverkar dette.
- Har kunnskap om kvalitative og kvantitative forskingsmetodar og kliniske utprøvingar og inngåande kunnskap om sentrale, forskningsetiske regelverk og prinsipp.

Ferdigheiter

Kandidaten

- Kan sjølvstendig isolere, syntetisere og analysere kjemiske stoff, framstille legemiddel og utføre kvalitetskontroll av desse.
- Kan på ein sjølvstendig måte ta hand om farmasøytiske yrkesfunksjonar i apotek og i andre delar av helsetenesta og innan farmasøytisk industri
- Kan utføre yrkesfunksjonen sin i samsvar med lovar, forskrifter og yrkesetiske retningslinjer.
- Kan samarbeide med anna helsepersonell om optimal legemiddelbehandling til den enkelte pasient og kan bruke klinisk kommunikasjonskunnskap på tvers av verksemd og nivå.
- Kan gjere greie for legemiddelmarknaden sin spesielle karakteristikk og drøfte legemiddelbruk i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv.
- Kan bruke sentrale matematiske, statistiske og epidemiologiske metodar til å undersøke praktiske og teoretiske, farmasifaglege problemstillingar.
- Kan gjennomføre eit sjølvstendig, avgrensa forskingsprosjekt under rettleiing og i tråd med gjeldande forskningsetiske normer.

Generell kompetanse

Kandidaten

- Har digital kompetanse og kan tileigne seg og bruke ny kunnskap og vurdere faglitteratur og legemiddelinformasjon kritisk.
- Kan formidle forskingsbasert kunnskap og diskutere profesjonelle og vitenskaplege problemstillingar med helsepersonell og fagpersonar frå tilgrensande fagfelt i tillegg til legemiddelbrukarar.
- Har kunnskap om leiing og ulike farmasøytiske leiarroller deriblant rettleiing og kommunikasjon.
- Har innsikt i og forståing for korleis legemiddelovervaking, kvalitetssystem og kvalitets- og betringssarbeid bidrar til trygg legemiddelbruk og auka pasienttryggleik.
- Har innsikt i og kan identifisere, reflektere over og handtera etiske problemstillingar i farmasøytisk yrkesutøving og forskning, og viser respekt for brukarar av farmasøytiske tenester og gir rettleiing som tar vare på brukaren sin integritet og brukaren sine rettigheter.

- Kjenner til nytenking og innovasjonsprosessar og kan bidra i tenesteinnovasjon, entreprenørskap og systematiske og kvalitetsforbetrande arbeidsprosessar innan fagfeltet.

Opptakskrav

Generell studiekompetanse og MEROD: Matematikk R1 (eller S1 og S2) og Fysikk 1 og Kjemi 1 og 2.

Tilrådde forkunnskapar

Gode kunnskapar i norsk munnleg og skriftleg er naudsynt for å kunne gjennomføre delar av farmasistudiet.

Innføringsemne

Examen Philosophicum, 10 studiepoeng

Obligatoriske emne

Alle emna spesifisert i graden (285 studiepoeng) er obligatoriske, og må gjennomførast i fastsett rekkefølge. Det er ikkje mogleg å endre på utdanningsplanen eller rekkefølgja på eksamenane utan førehandsgodkjenning. Dei fleste emna i studiet har obligatorisk undervisning.

Lenkje til oversikt over emnar per semester: [Integrert masterprogram i farmasi](#)

Spesialisering

15 studiepoeng på 5. studieåret er studiespesialiserande emne som studenten vel i tilknytning til masteroppgåva. Emna blir valt saman med rettleiar for masteroppgåva og kan veljast frå alle fakultet ved UiB. Ein kan ha maks 10 studiepoeng med spesialpensum der rettleiar vel ut eit pensum som studenten må lese og kor studenten har ein eksamen (for eksempel munnleg) eller eit innleveringsarbeid på slutten av semesteret. Det er normalt ikkje mogleg å bruke eit emne ein student har tatt før hen starta på Integrert masterprogram i farmasi som spesialisering. Programutvalsleiar på farmasi godkjenner studiespesialiserande emne.

Rekkefølge for emne i studiet

Emna må gjennomførast i fastsett rekkefølge. Det er ikkje mogleg å endre på utdanningsplanen eller rekkefølgja på eksamenane utan førehandsgodkjenning. Se fakultetets utfyllande regler til § 2-2 (2), § 7-3 (2) og § 8-2 (3) i UiBs studieforskrift.

Studentar som etter utdanningsplanen manglar 30 studiepoeng eller meir ved utgangen av et semester vil bli flyttet til kullet under.

Delstudium i utlandet

Det er moglegheiter for å dra på utveksling på farmasistudiet, i det semesteret du startar å skrive masteroppgåve, 9. semester. Det kan og vere mogleg å søke emneutveksling gjennom sentrale avtalar ved UiB. Ta kontakt med studierettleiar for å høyre meir om kva ordningar som finst.

Les meir om utveksling her:

[Informasjon om utveksling](#)

Arbeids- og undervisningsformer

Studiet nyttar ein rekke undervisningsmetodar:

Forelesningar

TeamBased Learning

Undervisning med pasient

Rollespel

Gruppearbeid
Ekskursjonar
Praksis
Seminar
Kollokvier
Innleveringsoppgåver
Kasusrapporter
Laboratoriekurs
Laboratoriejournalar
Spørjetime
TVEPS: Tverrprofesjonell samarbeidslæring

Vurderingsformer

For å sikre at studentane har nødvendige kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse gjennomførast det ulike vurderingsformar gjennom hele studieløpet:

Innleveringsoppgåver
Mappeinnlevering
Skriftleg skuleeksamen
Laboratoriejournalar
Midtsemesterevaluering/underveistest
Gruppeoppgåver
OSKE (Objektiv, strukturert, klinisk eksamen)
Munnleg eksamen
Quiz
Digital skuleeksamen
Digital heimeeksamen

Karakterskala

Emna som inngår i det tilrådde studieløpet vert karakterset med bokstavkarakterar (A-F) eller bestått/ikkje bestått.

Vitnemål og vitnemålstillegg

Vitnemål blir skrivne ut etter at graden er fullført. Vitnemål gir rett til å søke Helsedirektoratet om autorisasjon som provisorfarmasøyt.

Grunnlag for vidare studium

Studentar kan etter fullført mastergrad i farmasi søke seg vidare til doktorgradsstudie.

Relevans for arbeidsliv

Profesjonsstudiet i farmasi gir grunnlag for autorisasjon som provisorfarmasøyt. Som provisorfarmasøyt vil du få ekspedisjonsrett for legemiddel på resept. I tillegg til å arbeide i apotek kan farmasøytar arbeide i sjukehus, i heimesjukepleie og sjukeheimar, i legemiddelindustri, innanfor vidaregåande og høgare utdanning, for myndigheiter og private firma (for eksempel i oppdrettsnæringa).

Yrkesrolla omfattar rådgjeving, undervisning, forskning og leing av apotek og anna legemiddelrelatert verksemd, samt oppgåver som legemiddeløkonomiske utgreiingar, tilverking av legemiddel til den enkelte pasienten og vurdering av korleis ulike legemiddel kan brukast saman.

Evaluering

Integrert masterprogram for farmasi blir kontinuerleg evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på [Studiekvalitetsbasen - \(uib.no\)](https://studiekvalitetsbasen.uib.no)

Skikkavurdering og autorisasjon

Som utdanningsinstitusjon vurderer vi om kandidaten er skikka til å utøve yrket som helse- eller sosialpersonell. Vurderinga omfattar både faglege, pedagogiske og personlege føresetnader, og vil gå føre seg under heile utdanninga - jf. Forskrift om skikkavurdering i høgare utdanning.

Etter fullført studium har kandidaten rett til å søke om autorisasjon som provisorfarmasøyt. Helsedirektoratet (Hdir) har meir informasjon om autorisasjonsordninga.

Programansvarleg

Programutval for farmasi har ansvar for fagleg innhald, oppbygging av studie og for kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Det medisinske fakultet

Kontaktinformasjon

Informasjonssenteret ved Det medisinske fakultet, [sjå kontaktinformasjon](#)